

Juleverkstaden i Bedehuset slo an

13.11.2010



Perling var ein av aktivitetane

Juleverkstaden i Bedehuset i dag slo an - med 22 deltakrar i gruppa for dei til og med 4. Klasse og 10 i gruppa for dei frå 5. Klasse og oppover.

Det var tilsman like mange som for 2 år sidan då det sist og første gongen vart halde eit slikt arrangement som ein triveleg opptakt til det som skal skje i høgtida.

Sokneprest Ole Kristian Due fortalte frå Bibelen om erfaringar med husbyggjing og det var servering av graut til pulje 1 og av bollar og varm sjokolade til pulje 2. Ein stab avflinke hjelparar var i aksjon gjennom dagen:

- * Camilla, Marlin og Ida leia perling.
- * Selma tok seg av baking av ingefærkjeks.
- * Oddbjørg, Ingrid og Ronja laga englar.
- * Nelly og Britt Karin var ansvarleg for dropsproduksjonen.
- * Britt Torill laga blåskjellenglar.
- * Ragnhild viste korleis ein lagar perle-kular
- * Oddbjørg teikna på krus.

Dei som har gått på eitt av tilboda på Bedehuset og betalt medlemspengar for dette året gjekk gratis medan dei andre slapp med å betala 50 kroner.



Her blir det laga blåskjelenglar

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Engleproduksjonen i full gang



Det smaka godt med graut etter på